

Kristin Ulvang
Bønesheien 156
5154 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/381 - 21/5341

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:
24.01.2021

Avvist søknad om flytebrygge - gbnr 338/40 Refskår

Administrativt vedtak.**Tiltakshavar:****Ansvarleg søker:****Søknadstype:****Saknr:**

Kristin Ulvang

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om flytebrygge avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 13.01.2021.

Saka gjeld søknad om flytebrygge knytt til naust på gbnr 338/40.

Planstatus

Eigedommen er i gjeldande kommunedelplan for Meland avsett til framtidig småbåthavn.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Det er ikkje lagt fram dokumentasjon som syner at tiltaket er nabovarsla i tråd med plan- og bygningslova § 21-3.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

- Flytebrygga skal plasserast ute i sjø framfor gbnr 338/40 og 338/3. Det kjem ikkje fram av søknaden om dykk som heimelshavar har dei naudsynte rettigheitar til plasseringa.
- I gjeldande kommunedelplan for Meland kjem det fram under punkt 1.2.1 at for areal avsett til framtidig småbåthamner / flytebryggjer skal det utarbeidast ein detaljreguleringsplan før det vert gjeve løyve til tiltaket. Det er derimot gjeve unntak 2.1.1a at ved fortetting i område som i vesentleg grad er utbygd utan reguleringsplan kan det gjevast fritak frå kravet om reguleringsplan. Det er naudsynt med ein søknad om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplankrav, men dette må grunngjevast i tråd med gjelande lovverk
- Det er ikkje lagt ved situasjonskart frå Alver kommune, målsatt med avstand til andre bygningar, flytebryggjer, nabogrenser m.m. Det kjem heller ikkje fram av situasjonskartet om flytebryggja er med eller utan landgang.
- Det fylgjer ikkje fagmessige teikningar med søknaden. Teikningar skal syne plan- og snitt av tiltaket. Dei skal vere målsett og syne høgde på tiltaket, planlagt plassering av eventuelt landgang, eventuelle fortøyinger av tiltakets m.m. Vi gjer merksam på at teikningane også må vise den delen som ligg under vann.
- Tiltaket må ha godkjenning / førehandsuttale etter hamne- og farvasslova.
- Dykk må avklare om tiltaket er krev ansvarsrett eller er kan søkjast om utan ansvarsrett.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Ulvang
Kristin Ulvang

Bønesheien 156
Bønesheien 156

5154 BØNES
5154 BØNES